


# ÅRSMELDING FOR NASJONALMUSEET 2009

**NASJONALMUSEET**





Framside: Nasjonalmuseet erverva verket *Under Discussion* av kunstnarane Jennifer Allora & Guillermo Calzadilla i samband med utstillinga "Allora & Calzadilla". Videoen *Under Discussion* illustrerer kjernekjønnspunkt i Allora & Calzadilla sitt kunstnariske arbeid, eit politisk engasjement med eit bisart humoristisk tilsnitt.

Jennifer Allora & Guillermo Calzadilla  
*Under Discussion*, 2005  
Video med lyd, 6 min. 14. sek.

# ÅRSMELDING FOR NASJONALMUSEET 2009



Matias Faldbakken, *Remainder V*, 2009, installasjon, måla veggfliser.  
Frå utstillinga "Matias Faldbakken. Shocked Into Abstraction. Utvalgte arbeider 2005–2009" i Museet for samtidiskunst.  
Installasjonen *Remainder V*, 2009, var eitt av verka som vart kjøpt inn til Nasjonalmuseet si samling.

1	Styreleiarens forord	5
2	Direktørens forord	6
3	Utstillingar	8
4	Formidling	26
5	Nasjonalmuseets bibliotek	30
6	Samlingane	32
7	Forsking og utvikling	46
8	Forretningsdrift og arrangement	50
9	Presse, media og Internett	51
10	Organisasjon	52
11	Trygging	54
12	Munch-jubileet 2013	55
13	Nasjonalmuseets støttespelarar	55
14	Årsrekneskap	56
15	Årsmeldinga frå styret	64



Elmgreen & Dragset, *Drama Queens*, 2007, video. Eit skodespel av Elmgreen & Dragset, tekst av Tim Etchells. Den dansk-norske kunstnarduoen laga både teaterframstilling og video av eit drama sett i scene mellom sju av kunsthistorien sine store skulpturikonar for "Skulptur Projekte Münster" i 2007. Nasjonalmuseet kjøpte inn videoverket til samlinga si i 2009.

# 1

## STYRELEIARENS FORORD

Styret tiltrådte formelt 15. november 2008 og kan se tilbake på et meget krevende og intenst 2009. Vår viktigste oppgave var å skape ro og positiv fremdrift og ansette en ny direktør ved Nasjonalmuseet.

Nasjonalmuseet har siden opprettelsen vært plaget av intern og ekstern strid, uro og manglende stabilitet i organisasjonen. Styret mener museet er på riktig vei, og at vår nye direktør Audun Eckhoff bidrar til dette. Planene om å bygge et nytt, samlet nasjonalmuseum på Vestbanen har meget positiv oppslutning i Nasjonalmuseet, og styret deltar aktivt i det planleggende arbeidet.

Et slike nytt museum vil utvilsomt nå ut til mange nye interessegrupper, både nasjonalt og internasjonalt, og ikke minst vil ungdom få nye, spennende kunstopplevelser. Norge skal være stolt av Nasjonalmuseet. Styret og de ansatte har en stor forpliktelse til å ta vare på våre kunstskatter – og få et enda større publikum til å oppleve disse. Den nye organisasjonen med hovedvekt i ledelsen på de kunstfaglige områdene bør bidra til dette.

Vi takker samtlige ansatte for samarbeidet så langt – det er spennende og givende. 2009 bør være året hvor Nasjonalmuseet snudde retning og startet en positiv utvikling som skal føre til at man blir stolt av Nasjonalmuseet og dets kompetente ansatte.

Svein Aaser  
Drøbak, 26. februar 2010



Svein Aaser taler i høve Audun Eckhoff si tiltreding som direktør.  
Mottaking på Tullinløkka 10. juni 2009.

Det var åpenbart at en tydeliggjøring av de kunstfaglige oppgavene måtte prioritertes høyt som premiss for omorganiseringen av Nasjonalmuseet, ved siden av en prioritering av ledelse på alle nivåer. I nært kontakt med en intern gruppe som hadde arbeidet med oppfølging av en arbeidsmiljørapport og etter grundig dialog med de tillitsvalgte, vedtok museets styre i september ny organisasjon der hovedgrepene var etablering av nye avdelinger inndelt etter museets fire hovedansvarsområder: eldre kunst, samtidskunst, design og kunsthåndverk, og arkitektur. Egen avdeling for museets landsdekkende program ble også etablert.

Nasjonalmuseets besøkstall for 2009 økte med nesten 10 % fra året før, både for museene i Oslo og for det landsdekkende programmet. Spesielt positivt er besøkstallet for det nyåpnede Nasjonalmuseet – Arkitektur, mens Museet for samtidskunst og Kunstindustrimuseet viser svakere tall. Den positive hovedtendensen er nok en følge av økt fokus på publikumsarbeid og et mer offensivt utstillingsprogram enn tidligere. Besøkstallet ved Museet for samtidskunst er også på vei opp, trolig som følge av økt satsing på aktuelle utstillinger i dette bygget.

I 2009 ble det nedlagt store ressurser i arbeidet med samlingene. Arbeidet omfattet flytting av deler av samlingene fra uegnede til tidsmessige magasiner samt andre rene sikkerhetstiltak. Arbeidet inkluderer også spesifikk forvaltning

av samlingene, organisert med sikte både på den forestående flyttingen av samlingene til nytt bygg på Vestbanen og med tanke på økt tilgjengeliggjøring av samlingene blant annet ved digitalisering. Erfaringene med samlingsarbeidet tilsa en gjennomgang av prioriteringene innenfor dette arbeidet i det kommende året. En bevaringsplan ble utarbeidet i løpet av året, som et viktig grunnlag for arbeidet.

Det ble i 2009 innkjøpt kunst for kr 6,7 millioner kroner. Av midlene ble det største beløpet brukt til samtidskunst, mens feltet design og kunsthåndverk dominerte i antall verk. Museet tar sikte på å øke posten for innkjøpsmidler i 2010.

Utgivelsen av den omfattende oeuvre-katalogen om den tysk-norske kunstneren Rolf Nesch ved to av museets kunsthistorikere var en viktig begivenhet innen feltet forskning og utvikling.

Med ny organisasjon på plass og blikket rettet mot utviklingen av planlagt nybygg på Vestbanen, tar Nasjonalmuseet sikte på å gjennomføre et grunnleggende strategiarbeid i 2010. Strategiarbeidet skal legge føringer for prioriteringer på alle viktige områder for museene i Oslo, og for det landsdekkende programmet. I lys av den store byggesaken vil museet legge spesiell vekt på sin rolle som nasjonalt museum, med bred forankring i hele landet.

Audun Eckhoff



Direktør Audun Eckhoff. Mottaking på Tullinløkka 10. juni 2009 i høve Eckhoff si tiltreding som direktør.

# 3

## UTSTILLINGAR

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design tek vare på den norske kulturarven og inviterer til utfordrande møte med kunst, arkitektur og design. Museets utstillingar blir vist i museumsbygningane i Oslo, i resten av Noreg gjennom eit landsdekkjande program, og i utlandet. Samlingsutstillingar blir vist i Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Nasjonalmuseet – Arkitektur, Kunstmuseet og Kunsthallen på Tullinløkka. Figuren presenterer utviklinga av publikumstal i Noreg frå 2005, då Riksutstillingar vart innlemma i Nasjonalmuseet.

### PUBLIKUMSTAL 2005-2009

#### Nasjonalgalleriet

År	Publikumstal
2005	459,075
2006	412,022
2007	425,157
2008	391,913
2009	421,283

#### Museet for samtidskunst

År	Publikumstal
2005	66,752
2006	72,949
2007	42,621
2008	44,379
2009	46,460

#### Kunstmuseet

År	Publikumstal
2005	42,869
2006	31,737
2007	39,098
2008	34,278
2009	30,585

#### Nasjonalmuseet – Arkitektur

År	Publikumstal
2005	3,178
2006	-
2007	-
2008	55,419
2009	56,571

#### Kunsthallen på Tullinløkka

År	Publikumstal
2005	117,539
2006	24,786
2007	16,951
2008	4,118
2009	13,758

#### Totalt i Oslo

År	Publikumstal
2005	689,413
2006	541,521
2007	523,827
2008	530,107
2009	568,657

#### Landsdekkjande program

År	Publikumstal
2005	95,413
2006	77,088
2007	62,610
2008	103,117
2009	116,970

#### Totalt i Nasjonalmuseet

År	Publikumstal
2005	784,826
2006	618,609
2007	586,437
2008	633,224
2009	685,627



Frå utstillinga "Norwegian Wood – et laboratorium. Miljøvennlig trearkitektur for fremtiden" i Nasjonalmuseet – Arkitektur.



Frå utstillinga "Allora & Calzadilla" i Museet for samtidkunst. Hovudverket var den monumentale installasjonen *Sediments, Sentiments (Figures of Speech)*, 2007, som også inkluderte performance.

Frå utstillinga "John Savio. Tegninger og grafikk fra samlingen". Hovudvekta i utstillinga låg på grafikk med motiv knytt til samisk kultur og landskap frå Lofoten.





Frå utstillinga “Edvard Munch: *Det syke barn*. Historien om et mesterverk” i Nasjonalgalleriet.



Frå utstillinga “Fornuft og følelser. Nordisk maleri og skulptur fra samlingen” i Nasjonalgalleriet.

Frå utstillinga “Rolf Nesch. En grafiker utenom allfarvei” i Nasjonalgalleriet. Her blir det vist møbler og utstyr frå Nesch sitt atelier i Ål i Hallingdal.



### 3.1 Utstillingar i Nasjonalmuseets visingsstader i Oslo

#### Eldre og moderne kunst

Året vart opna med utstillinga “Edvard Munch: *Det syke barn*. Historien om et mesterverk” i Nasjonalgalleriet. Fem av dei seks versjonane av Munch sine berømte måleri blei vist saman med gjen-takinga av motivet i forskjellige grafiske teknikkar. Andre verk stilt ut på Høst-utstillingen i 1886, der *Det syke barn* hadde “skandalesuksess”, og arbeid av andre samtidige kunstnarar frå Nasjonal-museet si samling, vart også presenterte for å vise kor banebrytande og nyskapande Munchs motivbehandling var. Video med nye måleritekniske undersøkingar blei vist i utstillinga, i tillegg til medisinsk-historisk materiale om tuberkulosen si utbreiing.

Samisk kunst var representert i utstil-lingsprogrammet med ei mørnstring av “John Savio: Tegninger og grafikk fra samlingen”. Utstillinga kom i stand i tilknyting til samlingsarbeidet for kunst på papir. Savio (1902–1938) var fødd i Sør-Varanger av samisk slekt. Hovudvekta i utstillinga låg på grafikken med motiv

knytt til samisk kultur og landskap frå Lofoten. Tekstar fanst på norsk, engelsk og samisk. Det var god mediedekning og stor oppslutning under familieomvising og offentlege omvisingar.

Nasjonalmuseet har ei betydeleg samling av nordisk kunst. “Nordisk maleri og skulptur fra samlingen: Fornuft og følelser” presenterte 51 måleri av danske, svenske og finske meistrar og 23 skulp-turar av desse landa sine bilethoggjarar. Utvalet strekte seg frå tidleg romantikk på 1800-talet til mellomkrigstidas mo-dernisme. Utstillinga vart eit populært innslag i sommar-Oslo.

Parallelt med “Nordisk maleri og skulp-tur” vart det frå 23. juni stilt ut framifrå danske teikningar frå samlinga under tittelen “Fra Abildgaard til Eckersberg”. Utstillinga viste eit representativt utval av teikningane til dei fire mest domine-rande kunstnarane i dansk biletkunst frå overgangen mellom 1800- og 1900-talet; Nicolai Abildgaard, Jens Juel, Bertel Thorvaldsen og Christoffer Wilhelm Eckersberg.

I tilknyting til utgjevinga av oeuvre-katalogen til Sidsel Helliesen og Bodil Sø-rensen; *Rolf Nesch. The Complete Graphic Works*, Skira editore, Milano i samarbeid med Nasjonalmuseet, vart det hausten 2009 opna ei omfattande grafikkutstil-ling i Nasjonalgalleriet; “Rolf Nesch – en grafiker utenom allfarvei”. Dei utstilte arbeida skreiv seg frå samlingane til Nasjonalmuseet og kunstnaren sin fami-

lie, men også med nokre innlån. Nesch er særleg berømt for utviklinga av den såkalla metalltrykkteknikken, og eit ho-vudtema for utstillinga var kunstnaren si utforsking og artistiske utnytting av grafikkens teknikk og metodar. I tillegg til dei grafiske arbeida vart det også stilt ut metalltrykkplater og kunstnaren si presse. Utstillinga fekk svært god mot-taking hos presse og publikum.

## Samtidskunst

“Hypocrisy: The Site Specificity of Morality” var ein del av “Afrika i Oslo”-prosjektet som inngjekk i Mangfaldsåret 2008. Utstillinga opna i februar 2009 og viste afrikansk samtidskunst. Tematikken var kunstnarane si kreative gransking av politikk, økonomi og kultur i samband med eit nytt, globalt nettverk som fungerer utan geografiske grenser eller identitet bunde til enkeltnasjonar.

Separatutstillinga med forfattaren og biletkunstnaren Matias Faldbakken; “Matias Faldbakken. Shocked into Abstraction”, opna i Museet for samtidskunst 28. mai med H.K.H. Kronprinsesse Mette Marit til stades. Utstillinga var eit samarbeid med Ikon Gallery, Birmingham. Nye arbeid var i overvekt, men desse vart sette i relasjon til eldre verk, mellom anna frå Nasjonalmuseet si eiga samling. Eit gjennomgangstema var subkulturens mulegheiter innan samtidas kunstuttrykk og i massekulturen.


Nasjonalmuseet markerte 100-årsjubileet til Statens kunstakademi ved å vise ei utstilling basert på verk frå museet si eiga samling. Statens kunstakademi vart oppretta i Kristiania i 1909 etter initiativ frå kunstnarane sin eigen fagorganisasjon, Bildende Kunstneres Styre. Heilt fram til 1998 var undervisninga basert på

professorstyrte klasser. I dag er Statens kunstakademi ein del av Fakultet for visuell kunst ved Kunsthøgskolen i Oslo. Dei fleste professorane og lærarane som underviste ved akademiet var representerete i utstillinga, saman med eit breitt utval av tidlegare studentar. Professorane sitt kunstsyn hadde stor innverknad på undervisningstilbodet til akademiet, og enten dei fungerte i kortare eller lengre periodar, har dei vore med å prege utviklinga av norsk kunstliv gjennom heile det 20. hundreåret. I tillegg til kunsten inkluderte utstillinga fotografi og filmar som viste livet på institusjonen.

I samband med utstillinga vart studentar ved kunstakademiet inviterte til å vise prosjekt og stille ut i grupper under leding av professorar ved akademiet. Kvar utstilling stod i ei veke.

Eit særmerkt innslag i sommarprogrammet var det fargerike prosjektet “assume vivid astro focus”, av kunstnarkollektivet ved same namn, vist frå 13. juni ute på Tullinløkka og i Kunsthallen. Sponsormidlar frå 3M hjelpte Nasjonalmuseet med å omforme Tullinløkka til eit interaktivt uteareal med konsertpodium, fargesprakande asfaltteppe og plastsklie ned frå Kunsthallen, som var fylt av ein labyrinthinstallasjon. Andre samarbeidspartnerar var Den brasilianske ambassade, Lydverket (NRK), Ultima-festivalen, Øya-festivalen, Oslo Fashion Week, Flinga Fashion og Pink Army.

Verka til det amerikansk-kubanske kunstnarparet Jennifer Allora (f. 1974) og Guillermo Calzadilla (f. 1971) viser ein bisarr humor som grensar mot det absurde i kombinasjon med eit sosialt og politisk fundament. Utstillinga “Allora & Calzadilla” var den første separatutstillinga med kunstnarparet sin kunst i Norden. Allora & Calzadilla arbeider i spennet mellom konkrete politiske hendingar og meir subtile overordna spørsmål i eit breitt spekter av teknikkar. Utstillinga bestod blant anna av hovudverket *Sediments, Sentiments (Figures of Speech)* (2007), deira nyaste filmar *How to Appear Invisible* (2009) og *A Man Screaming is Not a Dancing Bear* (2008) og videoen *Under Discussion* (2005). Som klangbotn for arbeida ligg ei solid historisk forsking, ein arkivalie som i verka blir syntetisert til stringente konseptuelle strategiar der dei rettar kritiske spørsmål om global utvikling og militærmakt.



Frå utstillinga "Matias Faldbakken. Shocked Into Abstraction. Utvalgte arbeider 2005–2009" i Museet for samtidiskunst.

Frå labryintinstallsjonen i utstillinga "assume vivid astro focus"  
vist i Kunsthallen på Tullinløkka.

Utstillinga "assume vivid astro focus" vist på Tullinløkka.





Frå utstillinga “Snøhetta, arkitektur – landskap – interiør” i Nasjonalmuseet – Arkitektur.



Frå utstillinga “Snøhetta, arkitektur – landskap – interiør”. Eit multitouch-bord gav publikum høve til å prøve seg som arkitektar ved hjelp av eit program som vart utvikla spesielt til utstillinga.

Frå utstillinga “Norwegian Wood – et laboratorium. Miljøvennlig trearkitektur for fremtiden” i Nasjonalmuseet – Arkitektur.



## Arkitektur

“Arkitektur som infrastruktur” viste arkitekturmodeller frå Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo ved studio B3. Utstillinga gav eit innblikk i korleis arkitektstudentane utforskar strukturar og romlege kvalitetar i møte med natur og urbane fenomen.

“Norwegian Wood – et laboratorium” var eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet, NAL I Ecobox, Norwegian Wood og Europeisk kulturhovudstad Stavanger 2008. Utstillinga vart vist første gang i Stavanger Kunstforening november-desember 2008, og deretter i Nasjonal museum – Arkitektur frå 27. februar. Utstillinga turnerer i museum og galleri fram til 2012. Utstillinga ønskjer å forklare og svare på kvifor og korleis ein kan bygge miljøvenleg og innovativt i tre, og å spegle Norwegian Woods karakter som eksperiment og laboratorium. Utstillinga viste prosessen bak prosjektet, mellom anna gjennom film, plansjar, foto, teikningar, materialprøver, modellar, lyd og lukt. I tillegg kunne publikum fordjupe seg i bakgrunnsmateriale og innhente informasjon om miljøvenleg trearkitektur. I samband med utstillinga vart det utarbeidd eit eige formidlingsprogram, “Barn bygger”, for barn og unge.

Udstillinga om arkitektkontoret Snøhetta vart vist i alle utstillingsareal i Nasjonalmuseet – Arkitektur. I paviljongen (*Det lyse, analoge rommet*), blei det vist modellar og materialprøver som stammar direkte frå Snøhetta-kontoret. I Bucher-salen (*Det mørke, digitale rommet*) vart ellevje av Snøhettas viktigaste prosjekt presenterte gjennom dataanimasjoner, filmar og biletseriar. Eit multitouchbord gav publikum høve til å prøve seg som arkitektar ved hjelp av eit program utvikla spesielt til utstillinga. I kvelvet (*Katalogrommet*) blei 84 av Snøhettras prosjekt presenterte. I Norberg-Schulz-salen (*Filmrommet*) vart det vist filmar om Snøhetta og prosjekta deira.

“Jan Pappelbaum. Scenerom” presenterte arbeid frå ein av Europas leiande scenografer innan samtidsteater. Utstillinga i Nasjonalmuseet – Arkitektur vart presentert gjennom utvalde scenografiar som viste arbeid frå Pappelbaum sin periode som sjefscenograf ved Berliner Schaubühne (2000–2008). Gjennom modellar, foto- og filmmateriale gav utstillinga ein omfattande presentasjon av produksjonen, arbeidsmetodane og inspirasjonskjeldene hans. I tilknyting til utstillinga vart det arrangert seminar og workshop under leiing av Pappelbaum i samarbeid med Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Teaterakademiet i Fredrikstad.

Hausten 2009 viste Nasjonalmuseet – Arkitektur ei utstilling i kvelvet om arkitekten, teiknaren og historieforteljaren Odd Brochmann (1909–1992) i høve 100-årsjubileet for fødselen hans. Gjennom ei rekke bøker skildra han korleis hus, interiør og møbler som vi omgir oss med fortel om kultur og samfunn, verdiar og prioriteringar. Han var samtidig ein betydeleg teiknar, ikkje berre av byar, hus og illustrasjonar av stikhistoria, men også i barnebøker og reiseforklaringar.

## Design og kunsthandverk

Utstillinga “Et PLUS i norsk designhistorie. Brukskunstorganisasjonen PLUS 1958–1978” markerte brukskunstorganisasjonen PLUS sitt 50-årsjubileum. Nasjonalmuseet samarbeidde med Fredrikstad Museum om utstillinga, og det vart presentert gjenstandar frå begge musea sine samlingar. Over 200 verk viste kvaliteten og breidda i design og kunsthandverk som vart produsert ved dei mange PLUS-verkstadane i løpet av tjueårsperioden 1958–1978. Gjenstandane i utstillinga spegla endringane i tidas smak, mangfaldet i uttrykket og korleis nye impulsar trengde seg fram. Nytt design blei utvikla for industrien, men PLUS vart særleg viktig som kraftsentrum for den verkstadsbaserte brukskunsten.

Utstillinga “Norway Says 10” feira tiårsjubileet til den framgangsrike designgruppa som dei siste åra har sett norsk design på verdskartet. Mönstringa inneheldt nyskapande møbler, lamper, tekstilar, bruksgjenstandar og industri-design. Norway Says skaper enkle, ny-minimalistiske møbler og designprodukt med former som appellerer like mykje til det emosjonelle som til det funksjonelle. Dette er design som både er enkel og kompleks og ladd med poetisk uttrykk. Gruppa relaterer seg til ein internasjonal

designkultur, men produsentane deira er enten skandinaviske eller norske. Dei spring ut av ei revitalisering på 1990-talet av Scandinavian Design-ideal; ei ørleg tilnærming til oppgåva, bøyninga av treet og den enkle materialkjensla.

“UTSTILLINGENo9 kunsthåndverk” var Norske Kunsthåndverkere si juryerte årsutstilling. Gjennom overraskande uttrykksformer og sjølvstendige tilnærningsmåtar innbaud kunstverka til refleksjon. Dei viste med sanseleg kraft kunsthandverket sin aktualitet og naturlege plass på kunstarenaen. Presentasjonen av glas, keramikk, tekstil, tre, metall og konseptuelle arbeid i same utstilling opna for ei brei mònstring av heile kunsthandverksfeltet. Utstillinga viste 77 verk av 46 kunstnarar.

29. oktober opna utstillinga “Per Spook. Haute couture” i Kunstindustrimuseet. Utstillinga, som no dannar ein del av den faste utstillinga “Draktgalleriene”, omfattar moteskaparen si gave til Nasjonalmuseet: 20 antrekk frå Per Spook sine haute couture-kolleksjonar i perioden 1977–1991 då han hadde eige motehus i Paris.



Frå utstillinga "Norway Says 10" i Kunstindustrimuseet.



Frå "Studiesamlingen for glass og keramikk" i 4. etasje i Kunstindustrimuseet.



Frå "Draktgalleriene" i 4. etasje i Kunstindustrimuseet.



Frå utstillinga "Hypocrisy: The Sitespecificity of Morality" i Museet for samtidskunst. Installasjonen *Once upon a time, hypocrisy and the history of the hypocrites* av den beninske kunstnaren Georges Adeagbo består av bilde, materiale og objekt frå norske loppemarknader som systematisk er monterte på veggane og golvet i utstillingsrommet. Adeagbo sin arkivinstallasjon inviterer oss inn i ei politisk, kulturell og sosial utøving av makt og privilegium. Installasjonen vart kjøpt inn til Nasjonalmuseet si samling i 2009.

Frå utstillinga "Et PLUS i norsk designhistorie. Brukskunstorganisasjonen PLUS 1958–1978" i Kunstdistriktmuseet.



Frå utstillinga "Arkitektur som infrastruktur. Modeller fra AHO, Studio B3" vist i Nasjonalmuseet – Arkitektur.



## UTSTILLINGSPROGRAM I OSLO 2009

NASJONALGALLERIET	Startdato	Sluttdato	Stad
Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950	02.01.	forts.	2.etasje
Edvard Munch: Det syke barn. Historien om et mesterverk	15.01.	03.05.	Sal 31–36
John Savio. Tegninger og grafikk fra samlingen	19.02.	31.05.	Sal 11
Fornuft og følelser. Nordisk maleri og skulptur fra samlingen	19.03.	30.08.	Sal 9,10,13
Fra Abildgaard til Eckersberg. Danske tegninger fra samlingen	23.06.	23.08.	Sal 11
Rolf Nesch. En grafiker utenom allfarvei	09.10.	forts.	Sal 9,10,11,13

TULLINLØKKA			
assume vivid astro focus: affektert veggmaleri akselererende faenskap	13.06.	13.09.	Tullinløkka

KUNSTHALLEN PÅ TULLINLØKKA			
assume vivid astro focus: affektert veggmaleri akselererende faenskap	13.06.	13.09.	Kunsthallen

KUNSTINDUSTRIMUSEET			
STIL 1100–1905	08.01.	forts.	2.etasje
Design og kunsthåndverk 1905–2005	08.01.	forts.	3.etasje
Studiesamlingen for glass og keramikk	08.01.	forts.	4.etasje
Draktgalleriene	08.01.	forts.	4.etasje
Et PLUS i norsk designhistorie. Brukskunstorganisasjonen PLUS 1958–1978	29.01.	12.04.	1.etasje
Norway Says 10	09.05.	23.08.	1.etasje
UTSTILLINGENo9 kunsthåndverk	12.09.	13.12.	1.etasje
Per Spook. Haute couture	29.10.	forts.	4.etasje

MUSEET FOR SAMTIDSKUNST			
Kunst 4. Verk fra samlingen 1950–2007	02.01.	12.04.	2.etasje
Hypocrisy: The Site Specificity of Morality	21.02.	10.05.	1.etasje
Matias Faldbakken. Shocked into Abstraction. Utvalgte arbeider 2005–2009	28.05.	20.09.	1.etasje
Statens kunstakademis 100 år	11.06.	29.11.	2.etasje
Allora & Calzadilla	15.10.	forts.	1.etasje

NASJONALMUSEET – ARKITEKTUR			
Arkitektur som infrastruktur. Modeller fra AHO, Studio B3	24.01.	08.02.	Paviljong
Norwegian Wood – et laboratorium. Miljøvennlig trearkitektur for fremtiden	27.02.	19.04.	Paviljong
Jan Pappelbaum. Scenerom	10.10.	forts.	Paviljong/sidefløy
Snøhetta, arkitektur – landskap – interiør	08.05.	13.09.	Paviljong/kvelv/sidefløy
Odd Brochmann. Arkitekt, tegner og forfatter	10.10.	06.12.	Kvelv
Museer i det 21. århundret	10.10.08	11.01.09	Kunsthallen og Nasjonalmuseet – Arkitektur, paviljong/sidefløy

## 3.2 Utstillingar i Landsdekkjande program

Utstillingane for turné i Landsdekkjande program er organiserte gjennom dei tre nettverka skule, galleri og museum. Nettverk skule skal medverke til å nå måla for det visuelle kunstfeltet i Den kulturelle skulesekken (DKS). Gallerinetverket skal medverke til auka kunst- og formidlingskompetanse i nettverket som består av kunstforeinigar, kunsthallar, kunstsenter, kulturhus og høgskular. Museet har intensjonsavtalar med 15 fylkeskommunar og to kommunar om samarbeid gjennom DKS. I tillegg vart fleire av museet sine utstillingar i gallerinetverket nytta av DKS lokalt. Museet ønskjer eit variert program i begge nettverka slik at både skular og galleri i heile landet skal ha eit tilbod av store og små utstillingar innan kunst, arkitektur og design. Innhaldet spenner frå historiske utstillingar og samtidsutstillingar til utstillingar med eit fleirkulturelt perspektiv. Alle utstillingane er følgde av eit gjennomarbeidd formidlingsprogram.

### Nettverk skule: totalt 20 utstillingar – inkludert 5 nye produksjonar

#### Smykke seg

Med smykkekunstnarane Tone Vigeland, Hilde Dramstad, Sidsel Paaske, Torill Bjorg, Janna Syvånoja og Konrad Mehus. Vist i Sogn og Fjordane våren 2009. Besøkstal: 742, 6 skular.

#### Finn din Grosch

Workshop og utstilling om den første arkitektuttanna arkitekten i Noreg; Christian Heinrich Grosch (1801–1865). Vist i Nord-Trøndelag våren 2009 og Oslo hausten 2009. Besøkstal: 781, 10 skular.

#### Made in Scandinavia

Med kunstnarane Henrik Brandt (SE), Ida Forrs (SE), Kajsa Jagare (SE), Marianne Moe (NO), Andres Ruhwald (DK), Sissi Westerberg (SE), Elin Aasheim (NO). Besøkstal: 495, 1 skule. Også vist i nettverk galleri i 2009.

#### Japan i en boks

Utstillinga består av 50 designgenstandar frå dagens Japan. Vist i Oppland våren 2009 og Hordaland hausten 2009. Besøkstal: 4.952, 45 skular.

#### Tenna i tapetet

Utstilling om jugendstil. Produsert i samarbeid med Kunstmuseet KUBE / Jugendstilsenteret i Ålesund. Vist i Nord-Trøndelag våren 2009 og Oslo hausten 2009. Besøkstal: 1.436, 8 skular.

#### Atelier Spook

Workshop om motedesignaren Per Spook. Vist i Hordaland våren 2009 og Akershus hausten 2009. Besøkstal: 4.469, 29 skular.

#### Våre hellige rom

I ein sekskanta rominstallasjon blir seks trussamfunn presenterte gjennom bilet, lyd og samtale. Vist i Vest-Agder og Nordland våren 2009 og Hedmark og Telemark hausten 2009. Besøkstal: 6.971, 25 skular/visingar.

#### Arv i tre

Eit byggjesett i målestokk 1:1 av koret frå ei stavkyrkje. Vist i Møre og Romsdal våren 2009 og Troms hausten 2009. Besøkstal: 3.298, 12 skular.

#### Det lille galleri III

Utstilling med biletkunstnaren Elise Storsveen. Vist i Hedmark våren 2009 og Akershus hausten 2009. Besøkstal: 3.478, 14 skular.

#### Den tredje dimensjonen

Postmoderne skulpturar av kunstnarane Camilla Wærenskjold, Egil Martin Kurdøl, Jon Gundersen og Kamin Lertchaiprasert. Vist i Telemark våren 2009 og Oppland hausten 2009. Besøkstal: 2.659, 169 skular.



Frå utstillinga "Grete Prytz Kittelsen. Emalje og design", her vist i Haldens Historiske Samlinger, Rød Herregård.



Frå utstillinga "Viktor Lind Contemporary Memory", her vist i Gol kunstforening.



Frå utstillinga "Våre hellige rom", vist på 25 skular.

### **Designjungelen**

Udstilling av kunsthandverkarane Kleinepier og TTVO. Vist i Møre og Romsdal og Vestfold våren 2009 og på Karmøy/Rogaland og Barnas Hus / Bergen hausten 2009. Besøkstal: 4.328, 4 stopp.

### **Oslo by Night I**

Ein videoinstallasjon av Victor Lind om jødeaksjonen 26. november 1942. Vist i Hedmark og Oppland våren 2009 og Oppland hausten 2009. Besøkstal: 2.296.

### **Oslo by Night II**

Vist i Møre og Romsdal våren 2009 og hausten 2009. Besøkstal: 1.442, 8 skular.

### **Ukens kunstverk**

Tverrfagleg utviklingsprosjekt for videregående skule  
17 kunstverk med formidlingstekstar blir vist på storskjerm i skulen sine fellesareal. 14 verk har inngått i skulen si ordinære undervisning på alle trinn i norsk, historie, spansk, engelsk, fransk, tysk, samfunnsfag, idrett og religion. Vist på Persbråten videregående skole, Oslo heile 2009. Besøkstal: 1.200.

### **Utopi og fantasi**

Udstillinga viser eit lite utval av eksperiment og framtidsvisionar innan arkitektur og trekkjer fram seks arkitektur-utopiar frå det 20. hundreåret og framover. Vist i Hedmark våren 2009 og Sogn og Fjordane hausten 2009. Besøkstal: 2.502, 16 skular.

### **Da fjellet ble oppdaget**

Produksjon og turné  
I små kosmorama blir reproduksjonar av fem av Johannes Flintoes landskapsprospekt presenterte. Dei baserer seg på reisa hans frå Kristiania til Vestlandet sommaren 1822. Utstillinga er eit samarbeid med Statens kartverk. Vist i Telemark våren 2009 og Sogn og Fjordane hausten 2009. Besøkstal: 1.346, 19 skular.

### **Grete Prytz Kittelsen**

Produksjon og turné  
Ei utstilling med gjenstandar av formgivaren Grete Prytz Kittelsen. Vist i Hedmark hausten 2009. Besøkstal: 1.827, 18 skular.

### **Bending Water**

Produksjon og turné  
Videoverk av kunstnaren Sven Pählsson. Vist i Telemark hausten 2009. Besøkstal: 1.152.

### **Arkitektens valg, Sverre Fehn**

Produksjon  
Utstillingspaviljongen i Nasjonalmuseet – Arkitektur, teikna av arkitekt Sverre Fehn; eit byggjesett.

### **Marte Aas**

Produksjon  
Seks fotografi og ein film laga av kunstnaren Marte Aas.

### **Nettverk galleri:**

**totalt 13 utstillingar – inkludert 5 nye produksjonar**

### **Scandinavian Design ved millenniumskiftet**

Udstillinga viser design frå rundt år 2000. 5 stopp. Besøkstal: 30.710.

### **Irene Nordli, You Can't Hold Back Spring**

Udstillinga viser fem verk som kunstnaren Irene Nordli laga på Porsgrunds Porslænsfabrik i 2007. Arbeida er laga av høgbrent porselen, eit sterkt materiale som toler mykje. 14 stopp. Besøkstal: 7.175.

### **Skrift**

Ei utstilling om skrifta si opprinnning, bruksområde, materiale, teknikkar og metodar. 4 stopp. Besøkstal: 1.951.

### **Victor Lind, Contemporary Memory**

Udstillinga viser to videoinstallasjonar av Victor Lind. 8 stopp. Besøkstal: 7.524.

### **Norwegian Wood – et laboratorium. Miljøvennlig trearkitektur for fremtiden**

Prosjektet er den største satsinga på miljøvennleg, framtidsretta arkitektur i Noreg nokoninne. 3 stopp. Besøkstal: 2.873.

### **Grete Prytz Kittelsen.**

#### **Emalje og design**

Grete Prytz Kittelsen (f. 1917) er blitt kalla Scandinavian Design-dronning. Ho blir rekna blant dei viktigaste formgivara i Norden og har meir enn nokon vore med på å setje norsk design på verdskartet. 3 stopp. Besøkstal: 20.757.

### **Made in Scandinavia**

#### Skuleutstilling

1 stopp på Ørlandets kulturhussenter i Rogaland. Besøkstal: 230.

### **Våre hellige rom**

#### Skuleutstilling

1 stopp på Petter Dass-museet, Nordland. Besøkstal: 302.

### **Sven Pålsson**

#### Produksjon

Med sine svært avanserte dataanimasjoner er Sven Pålsson ein av få nordiske kunstnarar som har ei sentral plassering innan den såkalla hypermodernismen, som er eit uttrykk for hyperrealitet og den virtuelle verda vi lever i.

### **Norway Says 10**

#### Produksjon

Utstillinga feirar tiårsjubileet til den framgangsrike designgruppa som dei siste åra har sett norsk design på verdskartet. Deira nyskapande møblar, lamper, tekstilar, bruksgjenstandar og industridesign blir vist.

### **Maputo: A Tale of one City**

#### Produksjon

Utstillinga tek utgangspunkt i hamnebyen Maputo i Mosambik og presenterer kunstnarane Berry Bickle, Angela Ferreira, Pompilio Hilário, Rafael Mousinho, Emeka Okereke, Lourenco Dinis Pinto og Mauro Pinto som på ulikt vis relaterer seg til byen og byens komplekse identitetar. Utstillinga er ein del av "Afrika i Oslo".

### **George Osodi Oil Rich N&N**

#### Produksjon

I "Oil Rich N&N" samanliknar den nigerianske fotografen George Osodi norsk og nigeriansk oljeindustri. Han er oppteken av kvardagslivet der oljeproduksjonen går føre seg. Dokumentasjonen hans av det oljerike deltaet sør i Nigeria har ført til eit omfattande verk som tek for seg dei ekstreme forholda i regionen, både samfunns- og miljømessig. Utstillinga er ein del av "Afrika i Oslo".

### **Rolf Nesch – en grafiker utenom allfarvei**

#### Produksjon

Rolf Nesch, fødd i Tyskland i 1893, flykta til Noreg i 1933 og døydde i Oslo i 1975. Nesch er ein sentral og særprega kunstnar innan norsk og internasjonal grafikk-historie. Ein stor del av den varierte og omfangsrike produksjonen hans er prega av ei eineståande evne til å skape nye og biletmessig sterke uttrykk ved bruk av uortodokse materiale og metodar.

### **NETTVERK SKULE OG GALLERI**

Nettverk	Turnéstopp	Publikum totalt	Vaksne	Barn og unge	Omvisingar, workshops	Lærarseminar, opplæringer
Nettverkskule 20 utstillingar	435	45.448	3.000	42.448	1.248	37
Nettverkgalleri 13 utstillingar	39	71.522	58.929	12.593	759	19
<b>Sum</b>	<b>474</b>	<b>116.970</b>	<b>61.929</b>	<b>55.041</b>	<b>2.068</b>	<b>56</b>

### 3.3

## Utstillingar på vandring i utlandet

I 2009 hadde Nasjonalmuseet tre arkitekturnutstillingar på vandring i utlandet i samarbeid med og ved hjelp av finansiering frå Utanriksdepartementet.

#### **Architect SVERRE FEHN.**

#### **Intuition – Reflection – Construction**

Udstillinga vart laga på grunn av stor etterspørsel etter visinga av dei to Fehnutstillingane i 2008; opningsutstillinga i Nasjonalmuseet – Arkitektur og utstillinga i Den nordiske paviljongen ved Arkitektbiennalen i Venezia. Sverre Fehn (1924–2009) er Noregs mest anerkjende arkitekt. Mellom 18 og 36 av dei viktigaste prosjekta hans blir presenterte gjennom store modellar i tre, skisser, teikningar, fotografi, poetiske sitat, originalmateriale og ein Fehn-film.

#### Visingsstader:

- 27.01.–03.05.: Arkitekturmuseet, Stockholm, Sverige
- 23.09.–29.11.: Finlands Arkitekturmuseum, Helsinki, Finland

#### **Kristin Jarmund Architects.**

#### **Selected Works**

Udstillinga presenterer ti av dei mest sentrale prosjekta frå eit av Noregs mest profilerte arkitektkontor. Udstillinga vart først vist i Nasjonalmuseet – Arkitektur i tilknyting til lansering av boka *Kristin Jarmund*. Store metallplater, med fotografi tekne av Per Maning, er sett opp på eit forseggjort beresystem og gir utstillinga ein estetikk som harmonerer med Jarmunds arkitektur. I tillegg inneheld utstillinga modellar, materialprøver, tekstar og teikningar.

#### Visingsstader:

- 16.03.–12.04.: The National Autonomous University of Mexico, Mexico City, Mexico
- 27.04.–24.05.: Antiguo Palacio Federal, Monterrey, Mexico
- 17.06.–20.09.: The Catholic University of America, Washington D.C., USA
- 26.10.–16.11.: McGill University, Montreal, Canada

#### **Contemporary Norwegian**

#### **Architecture 2000–2005**

Udstillinga viser 50 juryerte bygningars. Denne omfattande mønstringa spenner frå interiørprosjekt og hytter til store komplekse anlegg som Snøhettas bibliotek i Alexandria. Fleire etablerte kontor viser arbeida sine i utstillinga, men ho markerer også eit gjennombrot for ein ny generasjon norske arkitektar.


#### Visingsstader:

- 28.01.–27.02.: The A.S. Popov Central Museum of Communications, St. Petersburg, Russland
- 02.04.–24.04.: Arkitekturtriennalen i Krakow, Polen
- 27.05.–23.06.: Faculty of Architecture, Technical University of Lisbon, Portugal
- 06.07.–31.08.: Faculty of Architecture, University of Porto, Portugal
- 15.09.–18.10.: ABC Architectuurcentrum Haarlem, Nederland
- 18.11.–06.12.: Archaeological Museum of Thessaloniki, Hellas
- 15.12.09–10.01.2010: Benaki Museum, Athen, Hellas



Frå utstillinga "Architect Sverre Fehn. Intuition – Reflection – Construction", vist i Stockholm og Helsinki.

Kronprinsparet blir vist rundt i utstillinga "Kristin Jarmund Architects – Selected Works" i The National Autonomous University of Mexico i Mexico City.



Frå utstillinga "Kristin Jarmund Architects – Selected Works".

# 4

## FORMIDLING

Formidlinga har vore knytt til utstillingane og i særskilde tilfelle til ulike målgrupper i Oslo og i det landsdekkjande programmet. Formidlinga kjem til uttrykk gjennom skriftleg, munnleg og verkstadsrelatert undervisning. Formidlingsformene har vore omvisingar, foredrag, kunstnariske arrangement, tekstar i utstillingane, informasjonsark, audioguiding, digitale/skjermbaserte tilbod og arkitekturvandringar. I 2009 vart det satsa spesielt på utvikling av formidling som fagfelt. Det blei utarbeidd eit utkast til plan for forsking på formidling og inngått eit forskingssamarbeid om digital formidling til barn og unge. Det vart gjennomført 1.835 omvisingar og workshops med til saman 27.525 deltakrar, ca. 20.790 av desse var barn/ungdom og 6.735 vaksne.

### Forsking på formidling

På oppdrag frå formidlingsavdelinga og i samarbeid med ei arbeidsgruppe i museet utforma dr.philos. Dag Solhjell eit utkast til plan for forsking på formidling for Nasjonalmuseet. Planen foreslo sju forskingsområde med eitt eller fleire tema: 1) publikumsstatistikk og publikumsundersøkingar, 2) omvisingar for vaksne, 3) skuleklasser som publikum – forhold til skulen, 4) verkstadspedagogikk, 5) samlingsbaserte basisutstillingar som læringsarena for og no, 6) publikum sin bruk av digitale medium, 7) formidlingshistorie. Det vart også inngått ein samarbeidsavtale om forsking på digital formidling til barn og unge gjennom forskingsprosjektet Contact, støtta av

Norges forskningsråd. Contact er leidd av InterMedia, Institutt for nye medium og nettbasert læring ved Universitetet i Oslo.

### Nasjonal konferanse om forsking på formidling

Som ansvarsmuseum for kunstformidlingsnettverket etablert i samsvar med museet sin handlingsplan av desember 2008, arrangerte Nasjonalmuseet i 2009 landets første konferanse om forsking på formidling i kunstmuseum. Konferansen fann stad 15. oktober med 80 deltagarar frå heile landet og var organisert rundt tre hovudtema: *basisutstillingar, publikum og med skulen som samarbeidspartnar*. Kommentert litteraturomsikt vart publisert.

### Samarbeidsprosjekt med Universitetet i Oslo

På initiativ frå Universitetet i Oslo samarbeidde Norsk Folkemuseum og Nasjonalmuseet om utvikling av ein praksiskomponent i eit masterstudium i museologi som etter planen skal starte opp i 2010. I tilknyting til utgreiinga besøkte dei tre institusjonane museum og universitet som samarbeider om museostudium i England, for å innhente opplysningsar og erfaringar.

### Samarbeidsprosjekt med Høgskolen i Oslo

Formidlingspraksis  
Sidan hausten 2005 har andre års faglærarstudentar i formgiving, kunst og handverk hatt praksis i formidling og ate-

lieraktivitet i Nasjonalmuseet for elevar på 6. trinn frå Ruseløkka skole. Studenterne gjennomførte formidlingspraksis i løpet av åtte dagar i museet sine fire utstillingsarenaer. Denne praksisen er no ein etablert og permanent del av praksisopplæringa til faglærarutdanninga. Det er eit nært samarbeid mellom museet sine tilsette innan formidling, lærarar på Ruseløkka skole og lærarar ved Høgskolen i Oslo, Avdeling for estetiske fag. Nytt i 2009 var at også studentar ved praktisk-pedagogisk utdanning utvikla og gjennomførte prøveprosjektet "Bruk eit bilet" i samarbeid med formidlarar i museet.

### Atelierverksemd

Dei fire museumsbyggja i Oslo har kvart sitt atelier med eit rikt samansett program til ulike målgrupper, med spesiell fokus på barn. I 2009 vart atelieret på Kunstinstitutmuseet ferdig innreidd med eit utval av god stoldesign, og den digitale teikneverkstaden for ungdommar i Nasjonalmuseet – Arkitektur fekk ei fast form. Museet si totale atelierverksemd omfatta 346 grupper med til saman 5.835 personar. Dette er ein auke på 61 grupper og 915 personar samanlikna med 2008.

### Formidlingsprosjekt for dei aller minste

I 2009 vart det sett i gang eit nytt samarbeidsprosjekt med Davinas Barnehage retta mot aldersgruppa 3–5 år. I designprosjektet "Stol på meg" fekk barnehagen besøk frå formidlingsavdelinga i museet, deretter gjesta barnehaga



I samband med utstillinga “Statens kunstakademi 100 år” vart det 16. september arrangert eit seminar med foredrag av den slovenske filosofen og kulturtolkaren Slavoj Žižek, *Ideology in a post-ideological era*, og ein samtale mellom Slavoj Žižek, Stian Grøgaard, professor i kunstteori ved Statens kunstakademi, og Robert Pfaller, professor i filosofi og kulturtolkare ved Universitetet for kunst og design i Linz, Austrike. Seminaret hadde 350 tilhørarar og vart arrangert i samarbeid med Statens kunstakademi.

“Scenerom” var tema for årets peparkakehuskonkurranse i Nasjonalmuseet – Arkitektur.

Skuleomvising i utstillinga “Snøhetta, arkitektur – landskap – interiør” i Nasjonalmuseet – Arkitektur.





Byggeverkstad på Bankplassen, Kulturnatta 18. september 2009. Fantasi, leik og konsentrasjon – barn, ungdom og vaksne kappast om å lage dei mest spektakulære byggverka på plenen utanfor Museet for samtidiskunst. Oppgåva var "Bygg og konstruer med pinnar og strikk".

Mørket senkar seg over Bankplassen på Kulturnatta. Fontena og fasaden på Museet for samtidiskunst vart lyssett av studentar frå Høgskolen i Buskerud.

"Dans i trapp" var temaet for oppvisinga til studentane frå Den Norske Balletthøyskole under Kulturnatta. Her fungerer trappa i Nasjonalmuseet – Arkitektur som scene for dansarane.

"Natta i kunsten" var eit tema som interesserte mange. Her frå omvising i Nasjonalgalleriet.



gen museet sine samlingar og atelier, og i siste ledd inviterte barnehagen foreldra til eit museumsbesøk med barna som omvisarar i "stolen si verd". Til saman: 74 deltagarar.

#### **Arkitekturvandringar**

Det vart arrangert seks arkitekturvandringar for eit allment publikum på søndagar. Til saman deltok 172 personar. For skulane har programmet vore "Fra Slottet til Egertorget" og "Kvadraturen". Til saman: 45 vandringar, 920 deltagarar.

#### **Pepparkakehuskonkurranse 2009**

Årets tema var scenerom, og det vart levert inn 34 bidrag som blei stilte ut i Nasjonalmuseet – Arkitektur. Deltakarane var både skulelevar, arkitektar og ein konditor. Prosjektet var eit samarbeid med Opplysningskontoret for brød og korn. På arrangement knytt til konkurransen deltok til saman 223 personar.

#### **Kulturnatt 2009**

Kulturnatta vart arrangert fredag 18. september med eit allsidig program i Nasjonalmuseet sine fire museumsbygningar i Oslo. Programmet var laga både for vaksne og barn og bestod av omvisingar, verksdagsaktivitetar, ope konservereingsateljer, dans, performance, konsert, arkitekturvandring og diktopplesing. Besøkstal: 2.299 personar, der 2110 var vaksne og 189 barn. Dette var ein auke på 965 personar samanlikna med 2008.

#### **Grieg-festivalen**

Oslo Grieg Festival i Nasjonalgalleriet 1.–10. august

Det vart arrangert ti konsertar i Nasjonalgalleriet med i alt 510 tilhøyrarar. Det blei i tillegg arrangert to omvisingar og framføring av spesialskriven kammermusikk til *Livsfriisen* i Munch-salen. Til saman 50 deltagarar.

#### **Barnekunstklubben Griffen**

Griffen hadde i 2009 seks arrangement, alle i Nasjonalgalleriet. Tema for arrangementa var: Edvard Munch: *Det syke barn*, Eilif Peterssens verk *Christian II undertegner dødsdomen over Torben Oxe* (eit samarbeid med Høgskolen i Oslo), papirlaging i samarbeid med kunstnaren Allison Leggat, teikning, Rolf Neschtutstilling og juletrepypning.

#### **Landsdekkjande program**

Programmet er delt i tre nettverk; skule, galleri og museum. I tillegg til produksjon av utstillingar, formidling og turné av vandreutstillingar har programmet bestått av ei rekke kompetansehevande tiltak og nettverksmøte. Det har vore arrangert: nasjonalt kunstformidlingssymposium (71 deltagarar), kunstformidlingsseminar (59 deltagarar), produksjonsseminar (59 deltagarar), kunsttorg (66 deltagarar), 36 lærarseminar / opplæringer av kunstformidlarar i nettverk skule, 24 foredrag/innlegg på regionale samlingar, 19 opplæringsdagar med 60 kunstformidlarar i nettverk galleri og 10 foredrag for høgskular, foreiningar m.m.

Nasjonalmuseet er ansvarsmuseum for kunstformidlingsnettverket. På museet sin nettstad skal det leggjast til rette for eit ekstranett for deltagarane i museumsnettverket.

#### **Film som formidlings- og dokumentasjonsverktøy**

I tilknyting til prosjektet "Afrika i Oslo" og utstillingane "Edvard Munch: *Det syke barn*. Historien om et mesterverk" og "Matias Faldbakken. Shocked into Abstraction" vart det produsert videoar, mellom anna for dokumentasjon og nett-publisering. Dette arbeidet vil bli styrka framover, spesielt med tanke på å gjøre videoar tilgjengelege for publikum på museet sin nettstad og i sosiale medium.

#### **Studiesalen i Nasjonalgalleriet**

Her kan publikum sjå grafikk og teikningar som ikkje er stilte ut. Kunstverka finnast fram på førespurnad, og alle kunstverka i samlinga er såleis tilgjengelege for publikum. Besøkstal i 2009: 555 personar. Formidling og undervisning for 23 grupper.

Nasjonalmuseets bibliotek er landets leiande innan fagområdet sitt og omfatter biblioteksamlingane i tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Kunsthindstrimuseet, Arkitekturmuseet og Riksutstillingar.

Biblioteket blir brukt av kunsthistorikrar, studentar, skulelevar, museet sine eigne tilsette og forskarar frå inn- og utland. Samlinga inneheld 160.000 trykte publikasjonar: bøker, årbøker, utstillingskatalogar og auksjonskatalogar. Biblioteket abonnerte i 2009 på 219 tidsskrift, 13 auksjonskatalogar og 7 referansedatabasar. Lysbiletesamlinga omfatta ved utgangen av året 30.600 einingar.

I tillegg til å hjelpe publikum og museets tilsette med litteratur knytt til studium, forsking, publisering og utstillingsplanlegging, har hovudfokus i 2009 vore å registrere og tilgjengeleggjere ein svært omfattande tidsskriftdonasjon frå Norske Arkitekters Landsforbund (NAL). Å fullføre registrering av Robert Meyers boksamling har også vore ei høgt prioritert oppgåve. Boksamlinga er no tilgjengeleg for publikum.

I 2009 vart biblioteket besøkt av 4.000 personar, og det vart effektuert 3.500 utlån til museets tilsette. Det blei lånt ut 96 publikasjonar til andre bibliotek og lånt inn 156 publikasjonar til bruk for dei tilsette i Nasjonalmuseet. Det vart lånt ut 4.803 lysbilete. Biblioteket har hatt bytteforbindelse med 253 kunstinstitusjonar verda over.

Biblioteket deltek aktivt i nettverks-samarbeid mellom bibliotek nasjonalt og internasjonalt. Til den internasjonale bibliografien *Bibliography of History of Art* (BHA) vart det sendt 77 referansar på ny norsk kunsthistorisk litteratur. Til *Norsk Samkatalog for Bøker* blei det sendt 4.147 referansar, til *Norsk Samkatalog for Periodika* 990 referansar og til *Norsk Kunsthistorisk Bibliografi* 410 referansar.

I 2009 vart det innlemma 2.800 nye bøker og utstillingskatalogar i biblioteket sine samlingar. Det blei teikna 19 nye abonnement på tidsskrift. Nyinnkjøp til Nasjonalmuseet si samling av kunstverk på video/dvd er tilgjengeleg for publikum i bibliotekets videorom.



Biblioteket, lokalisert i Kristian Augusts gate 23, er landets leiane innan fagområdet sitt og blir brukt av kunsthistorikarar, studentar, skuleelevar, museet sine eigne tilsette og forskarar frå inn- og utland.



# 6

## SAMLINGANE

### 6.1 Prosjektrelatert samlingsarbeid

I 2009 vart det gjennomført eit betydeleg samlingsarbeid i spesifikke prosjekt innan ni forskjellige delar av samlinga. Arbeidet bestod av å kontrollere registrerte data i museet sin digitale

samlingskatalog (Primus), tilstands- vurdere, nødkonservere og digitalfotografere. Samlingsarbeidet er mellom anna viktig som ei førebuing til den store flytteprosessen til nytt museumsbygg på Vestbanen i 2016 og for å kunne gjøre samlingane tilgjengelege på nettet. Kostnadene knytt til dette samlingsarbeidet var ca. 3,5 mill. i 2009. Tabellen nedanfor viser ei samla og detaljert oversikt over arbeidet.

I 2009 vart innflyttinga av arkitektursamlinga til nye moderne magasin i

Nasjonalmuseet – Arkitektur ferdigstilt. Innflyttingsarbeidet omfatta også ei betydeleg restanseregistrering.

Arbeidet med teikning og grafikk har hatt god framdrift. Arbeidet har inkludert tilstandsdocumentasjon og digitalfotografering av mange gjenstandar. Data i Primus er kvalitetssikra, nyinnkjøp og gaver er inventariserte, nokre verk er monterte om, og ein del nødkonserverte. Samlinga inneholder ca. 50.000 verk, og framleis står det igjen mykje av dette arbeidet. Møblane har

#### SAMLINGSARBEID 2009

	Arkitektur-teikningar	Teikning og grafikk	Møblar	Glas og keramikk	Tekstil	Måleri	Skulptur	RMC-foto*	RMC-bøker*	Objekt/Installasjonar	Sum
Innflytting i magasin	7279										7279
Inventarisering	5279	244		195				111	836		6665
Ompakking	7171				1625						8796
Pakking for flytting					1688						1688
Ommontering		99									99
Kvalitetsikring av data i Primus	217	404	548		560						1729
Tilstandsdocumentasjon	366	1731	474	579	461	388	79	1863			5941
Nødkonservering/konservering	688	361	446	38	0	228	70	231		71	2133
Katalogisering	30										30
Tilstandsfoto konservering					1637						1637
Digital fotografering og skanning	1645	5128	279	189	64	98	69	3194		164	10830
Nettpublisering		10	410								420

\* Robert Meyer Collection

også blitt prioriterte dette året. Det vart utarbeidd tilstandsrapportar og utført nødkonservering og digitalfotografering. Delar av møbelsamlinga blei flytta til førebuande magasin, og dette arbeidet held fram i 2010.

Innan glas og keramikk har ein i 2009 avslutta arbeidet med inventarisering, tilstandsvurdering, nødkonservering og digitalfotografering av ein utvald del av samlinga.

I tekstilsamlinga har mange gjenstandar blitt pakka om og lagt i nye esker. Mykje data er kvalitetssikra i Primus og tilstandsdocumentert. I tillegg er eit stort tal gjenstandar blitt digitalfotograferte til internt bruk.

Målerisamlinga er nesten à jour i forhold til registrering, men ein stor del er ikkje blitt digitalfotografert eller skanna, og mange verk treng å bli nyfotograferte. Det vart utarbeidd tilstandsrapportar og utført nødkonservering i tilknyting til utstillingar og utlån, og måleri vart digitalfotograferte.

Innan skulptur er det utført tilstandsvurdering i samband med flytteprosessar, og ein del er nødkonservert og digitalfotografert.

Foto i Robert Meyer Collection har blitt tilstandsvurdert, nødkonservert og digitalfotografert. Inventariseringa av dei siste bøkene frå Robert Meyer Collection vart ferdigstilt i 2009.

## 6.2 Bevaringsarbeid

Nasjonalmuseet har i løpet av 2009 utvikla ein bevaringsplan for perioden 2010–2016, det vil seie for perioden før innflytting i dei nye museumslokala på Vestbanen. Bevaringsplanen er eit sjølvstendig prosjekt, men må likevel sjåast i samanheng med samlingsarbeidsprosjekta museet initierte i 2007 som vil halde fram i åra framover. Samlingsarbeidsprosjekta har to hovudmål; å flytte gjenstandar lagra i usikka lokale over til betre temporære lokale samt nettpublisering av samlingane.

Bevaringsplanen har eitt hovudmål; å bidra til ei sikker flytting av alle samlingane, med unntak av arkitektursamlingane, til Vestbanen. Bevaringsplanen er delt i to fasar: Fase 1: undersøking av tilstanden til samlingane og identifisering av gjenstandar som er i ein ustabil tilstand. Fase 2: nødkonservering av gjenstandane som er identifiserte som ustabile slik at dei kan bli pakka og transporterte til dei nye lokala. Det er planlagt at bevaringsplanen skal setjast i verk for fullt frå 2011. Planen vil krevje ein betydeleg ekstrainnsats, og vidare planlegging av arbeidet vil bli gjennomført i løpet av 2010.

Parallelt med utvikling av ein bevaringsplan har museet utvikla rutiner og retningslinjer for kontroll, tilsyn, reingjering, tiltak for å nedkjempe insekt i noverande magasin og kontrollrutiner for belysning i utstillingslokale.

### Konserveringsverksemد

Verksemda (sjå tabell neste side) har konsentrert seg om konserveringsrelaterte oppgåver knytt til utstillingar i Oslo og Noreg, utlån innanlands og utanlands og innkjøp og reduksjon av restanseoppgåver.

### Prosjektarbeid konservering

I samband med digitaliseringarsbeidet gjennomgjekk 1.251 gjenstandar ei form for konservering. Det har blitt arbeidd med fotografi frå Robert Meyer Collection. Samlinga er blitt registrert i ein Access-database, og 12.000 einingar er blitt nødkonserverte.

### Konserveringsmodul i Primus

Arbeidet med å utvikle ein konserveringsmodul i Primus er teke opp igjen i samarbeid med ABM-utvikling. Museet har skaffa seg betydeleg kunnskap om andre registreringsdatabasesystem som gir eit godt grunnlag for vidareutvikling av konserveringsmodulen. Vidare har museet bidratt i eit internasjonalt samarbeidsprosjekt støtt av Mellon Foundation (Conservation Space) om kartlegging av sekvensar i ulike arbeidsprosessar innan konservering. Slik kartlegging er vesentleg i samband med utvikling av databasar.

## Forsking innan konservering

Museet har initiert og fullført forskingsprosjekt innan bevaring.

Forsknings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med nasjonale og internasjonale eksperter og samarbeidspartnærar har blitt utført, med mellom anna to europeiske prosjekt om transport og pakkestandardar for gjenstandar (CEN 346/WG5) og kontroll av mikroklima (Propaint: Improved protection of

paintings during exhibition, storage and transit).

## Flytting til betre lokale

Museet har gjennom året arbeidd med hensiktsmessige tryggings- og bevaringsforhold for samlingane. Tiltaka som er utførde styrkjer branngrygging, tjuvergrygging og tilfredsstiller krav om gode klimaforhold. Ytterlegare tiltak vil bli sett i gang i 2010. Totalt vart det re-

gistrert 6.900 magasineringshendingar som inneber både flytting frå gammalt til nytt magasin, strekkodemering/kvalitetssikring av plassering i magasina, fotografering og nødvendig konservering (sjå punkt 6.1: Prosjekrelatert samlingsarbeid). I tilknyting til flytting vart omlag 2.500 gjenstandar desinfiserte før innflytting, med bruk av både mobilt varmekammer og fryserom.

## LINJEARBEID KONSERVERING 2009

TILSTANDSDOKUMENTASJON	PAPIR	MÅLERI	OBJEKT	SKULPTUR	TEKSTIL	FOTO	AV	
Utlån	164	144	57	7	10	4		386
Innlån	80	45	64	3		15		207
Utstilling	70	171	69	62	150	40	5	567
Deposita		3						3
Innkjøp og gåver		25	95	2		7	5	134
Anna	220	1	20	5	1	90		337
<b>Totalt</b>	<b>534</b>	<b>389</b>	<b>305</b>	<b>79</b>	<b>161</b>	<b>156</b>	<b>10</b>	<b>1634</b>
<b>BEHANDLING</b>								
Utlån	14	50	8	9	8		4	93
Innlån			1			1	6	8
Utstilling	30	85	22	54	147		8	346
Deposita		13				6	4	23
Innkjøp og gåver		25	10			8		43
Fotografering		50	30	7			10	97
Anna	40	5			1	26	24	96
<b>Totalt</b>	<b>84</b>	<b>228</b>	<b>71</b>	<b>70</b>	<b>156</b>	<b>41</b>	<b>56</b>	<b>706</b>

Ca. 850 måleri frå Nasjonalgalleriet si opphavlege samling, med temporære plasseringar og lagringsløysingar, har blitt overførde til nytt magasin. Heile arkitektursamlinga av teikningblad vart overført til arkitekturmagasinet på Bankplassen 3. Flyttinga av kunstsamlinga på papir i Museet for samtidskunst til konsolidert samling i Nasjonalgalleriet vart sett i gang og i stor grad gjennomført i løpet av året. I tillegg blei fotomagasina på Museet for samtidskunst avvikla, og rundt 300 verk vart flytta.

#### Fotoverksemد

Arbeidet har i 2009 vore konsentrert om samlingsprosjekta og digital fotografering og skanning av verk i samlingane. I tillegg har det vore utført andre linjeoppgåver som skanning av fotoarkiva, dokumentasjon av utstillingar/arrangement og handtering av interne og eksterne bestillingar av fotografi. Arbeidet med å fotografera restansane av innkjøp og gåver har også blitt prioritert.

Store ressursar har gått med til fotografering og digitalisering knytt til dei mange samlingsprosjekta, mellom anna Robert Meyer Collection, teikning- og grafikk-samlingane, møbel og arkitektteikningar. Totalt har det blitt fotografelt 10.830 verk i 2009. Arbeidet med å fotografera samlingane digitalt og byggje opp det digitale biletarkivet i Fotostation er godt i gang, men det er framleis mykje arbeid som står igjen.

I 2009 vart det levert 644 digitale bilet-filer til eksterne kundar til bruk i bøker, brosjyrar, kalendrar, nett m.m. I tillegg vart det levert 3982 biletar til interne bestillingar for bruk i katalogar, bøker, brosjyrar, presse, nettstad, dokumentasjon, powerpoint-presentasjoner osb.

## 6.3 Innkjøp og gåver

I samsvar med avtalen mellom Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og Kulturdepartementet har museet drifts- og forvaltningsansvar for samlingane. Innsamlingsarbeid, innkjøp og gåver til samlingane er ein viktig del av museet sitt forvaltningsansvar. Museet byggjer og kompletterer samlingane i hovudsak med samtidige nasjonale verk, men også internasjonale verk med spesiell betydning for samlingane. Det blir lagt vekt på å samle hovedverk og enkelte kunstnar-skap som har spesiell betydning for ein periode, ei materialgruppe eller eit anna område i samlinga.

Deltakarar i innkjøpskomiteen for 2009 var Ingar Pettersen, konstituert direktør (til april 2009), direktør Audun Eckhoff (frå april 2009), Randi Godø, Eva Klerck Gange (til oktober 2009), Andrea Kroksnes (frå oktober 2009), Frode Haverkamp, Nils Messel (frå oktober 2009), Widar Halén, Bente Solbakken, Astrid Gunby, sekretær, Kari Skytt Andersen (til oktober 2009) og Thierry Ford (frå oktober 2009), konservering.

Samla innkjøp av kunst i 2009 utgjorde kr 6,7 mill. mot kr 16,9 mill. i 2008. Avgift til Bildende Kunstneres Hjelpefond vart i 2009 betalt med kr 325.944.

## INNKJØP OG GÅVER 2009

### Eldre og moderne kunst:

Sigrid Bølling, *Den gamle brønn i Concarneau*, måleri, 1886, NMK.2009.0191  
Harald Dal, *Martin Tranmæl*, teikning, 1959, gavé frå Dag Sollihell, Oslo, NMK.2009.0202  
Oscar Grønmyr, *Kvinneportrett*, måleri, 1908, NMK.2009.0201  
Jacob Munch, *Portrett av biskop Fredrik Julius Bech*, måleri, ca. 1820, NMK.2009.0003  
Jacob Munch, *Portrett av bispinne Catharine Charlotte Bech*, f. Ouber, måleri, ca. 1820, NMK.2009.0004  
Gerhard Munthe, utkast til dekorativ frise, frå boka *Minder og meninger*, teikning, 1919, NMK.2009.0195  
Rolf Nesch, *Ingebjørg melker geiter*, teikning (forarbeid til metalltrykk), 1942, gavé frå Galleri Kaare Berntsen AS, Oslo, NMK.2009.0030  
Rolf Nesch, *Figurstudie*, teikning (ant. forarbeid til metalltrykket *St. Sebastian*), 1941, gavé frå Galleri Kaare Berntsen AS, Oslo, NMK.2009.0031  
Rolf Nesch, *Portrett av russisk fange*, Vestfronten 1916, teikning, gavé frå Eivind Otto Hjelle, Oslo, NMK.2009.0183  
Lars Printz, *Selvportrett*, måleri, 1909, gavé frå Galleri Kaare Berntsen AS, Oslo, NMK.2009.0022  
Georg Anton Rasmussen, *Fjordmotiv med folkeliv på stranden*, måleri, 1882, NMK.2009.0185  
Sigurd Winge, *Bebudelsen*, grafikk, 1969, NMK.2009.0105  
Sigurd Winge, *Utdrivelsen fra Paradiset*, grafikk, 1945, NMK.2009.0106  
Sigurd Winge, *Kveld*, grafikk, 1956, NMK.2009.0107  
Sigurd Winge, *Forarbeid til Frise II* (dekorsjon i Oslo Handelsgymnasium), teikning, 1955, NMK.2009.0108

### Samtidskunst:

Georges Adeagbo, *Once upon a time, hypocrisy and the history of the hypocrites*, installasjon, 2009, NMK.2009.0014  
Jennifer Allora og Guillermo Calzadilla, *Under Discussion*, video, 6:14 min., 2005, NMK.2009.0166  
Assume Vivid Astro Focus, *The Whitney Room*, installasjon, 2004/2009, NMK.2009.0200  
Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (1)*, *And on the Eighth Day God Created a Holiday House for his Son*, måleri, 1991, NMK.2009.0170  
Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (2)*, Untitled, måleri, 1992, NMK.2009.0171  
Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (3)*, *Es-saias Tour*, måleri, 1992, NMK.2009.0172  
Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (4)* *Jesus y Maria Volando Hacia San Francisco*, måleri, 1992, NMK.2009.0173

Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (5)*, *It is Not Only Santa Who is Wearing a Red Jacket This Year*, måleri, 1992, NMK.2009.0174  
Vanessa Baird, *Seven steps to Heaven (6)*, *Here Every Bird Sings O-Sole mio*, måleri, 1996, NMK.2009.0184  
Per Barclay, *Adolf Gun, Harstad 10*, fotografi, 2009, NMK.2009.0111  
Per Barclay, *Adolf Gun, Harstad 8*, fotografi, 2009, NMK.2009.0112  
Lene Berg, *Mannen i bakgrunnen (The Man in the Background)*, video, 20:00 min., 2006, NMK.2009.0028  
Lene Berg, *Stalin by Picasso*, kunstnarbok, 2008, NMK.2009.0077  
Håkon Bleken, 3 litografi (Årsmappe, Norsk Forening for Grafisk kunst), 2009, NMK.2009.0178-NMK.2009.0180  
Jeannette Christensen, *Uten tittel*, gelatin på plate, 1996, NMK.2009.0027  
Michael Elmgreen & Ingar Dragset, *Drama Queens*, video, 30:00 min., 2007, NMK.2009.0149  
Unn Fahlstrøm, *Vision\_Listen #2*, video, 8:00 min., 2008, NMK.2009.0008  
Matias Faldbakken, *Remainder V*, installasjon, 2009, NMK.2009.0101  
Matias Faldbakken, *Getaway*, video, 5:59 min., 2003, NMK.2009.0102  
Matias Faldbakken, *Untitled (Pedal Pumping)*, video, 2:07 min., 2009, NMK.2009.0103  
Matias Faldbakken, *One Tape Roll Measurement*, installasjon, 2009, gavé frå kunstnaren, NMK.2009.0104  
Jens Fänge, *Klensmide*, måleri, 2009, NMK.2009.0194  
Andrea Fraser, *Museum Highlights: A Gallery Talk*, video/performance, ca. 30:00 min., 1989, NMK.2009.0220  
Andrea Fraser, *Welcome to the Wadsworth*, video/performance, ca. 30:00 min., 1991, NMK.2009.0221  
Andrea Fraser, *May I Help You?*, video/performance, ca. 20:00 min., 1991, NMK.2009.0222  
Andrea Fraser, *Inaugural Speech*, video/performance, ca. 30:00 min., 1997, NMK.2009.0223  
Andrea Fraser, *Official Welcome*, video/performance, ca. 30:00 min., 2003, NMK.2009.0224  
Ane Mette Hol, *Untitled (Large Reproduction of Photocopy) No. 5*, teikning, 2005, NMK.2009.0010  
Ane Mette Hol, *Untitled (Large Reproduction of Photocopy) No. 6*, teikning, 2005, NMK.2009.0011  
Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 1, teikning, 2007, NMK.2009.0012  
Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 2, teikning, 2007, NMK.2009.0070

Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 3, teikning, 2007, NMK.2009.0071

Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 4, teikning, 2007, NMK.2009.0072

Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 7, teikning, 2007, NMK.2009.0073

Ane Mette Hol, *Duplication (After Xerox Untitled)*, No. 8, teikning, 2007, NMK.2009.0074

Håvard Homstvedt, *Studie til et ideelt hode (Værkammeret)*, skulptur, 2009, NMK.2009.0196

Steffen Kverneland, KANON, 17 teikningar, 2008, NMK.2009.0036-NMK.2009.0052

Arne Malmedal, *Uten tittel V (maleri med tre flatekomponenter)*, måleri, 2009, NMK.2009.0099

Bjarne Melgaard, *Untitled I*, måleri, 1999, NMK.2009.0009

Trine Lise Nedreaas, *Mac Donaldi – King of Soap Bubbles*, video, 6:20 min., 2008/2009, NMK.2009.0167

Trine Lise Nedreaas, *Iryna-Backbender*, video, 6:55 min., 2009, NMK.2009.0168

Trine Lise Nedreaas, *Yana & Noname*, video, 8:10 min., 2009, NMK.2009.0169

Fredrik Raddum, *Lump Head*, skulptur, 2008, NMK.2009.0006

Fredrik Raddum, *The Saw*, skulptur, 2008, NMK.2009.0007

Leonard Rickhard, *Tenk som figur i lampelys*, måleri, 2007–2009, NMK.2009.0100

Kjartan Slettemark, *Portrett av Galleri C/O*, skulptur, 1995, gavé frå Atle Gerhardsen, Berlin, NMK.2009.0021

Anders Smebye, *Great White*, installasjon, 2008, NMK.2009.0026

Vibeke Tandberg, *Tears*, lightjet c-print, tusj/black marker, 2008, NMK.2009.0217

Vibeke Tandberg, *Ghost*, lightjet c-print, tusj/black marker; collage, 2008, NMK.2009.0218

Vibeke Tandberg, *Bruised*, lightjet c-print, collage, 2008, NMK.2009.0219

Leong Va, *Water*, grafikk, 2008, NMK.2009.0029

Jukka Vänttinen, *Utväg*, grafikk, 2007, NMK.2009.0150

Kira Wager, *Oslo 1.6 II*, måleri, 2008, NMK.2009.0165

Line Wælgaaard, *Amor Fati*, fotografi, 1992, NMK.2009.0015

### Design og kunsthandverk:

Admir Batlak og Charlotte Selvig, an-trekk: kjole, støvlar, veske, tekstil, 2009, NMK.2009.0076

Millie Behrens, armring *Stenene – stranden – tiden – 1*, metall/stein, 2009, NMK.2009.0080

Millie Behrens, ring *Vandring - 4*, metall/stein, 2009, NMK.2009.0081  
Gerhard Berg, armstol *Aksla*, for Stokke Fabrikker A/S/Westnofa, teak, skai, 1960, NMK.2009.0086  
Sigrun Berg, rye, vevd i ryteknikk, 1957, gavé frå Kari Ditlev-Simonsen, Oslo, NMK.2009.0189  
Tore Bergersen og Espen Voll, stol *Dock High*, for Norway Says, eik, bøk, stålbolt, 2000, NMK.2009.0116  
Tore Bergersen og Espen Voll, prototype til stol Dock High, for Norway Says, valnøtt, bøk, stålbolt, 2000, NMK.2009.0117  
Toril Bjørg, halssmykke *Sobel*, oksidert sølv, 2007, NMK.2009.0216  
Tord Boontje, lenestol *Shadowy*, for Moroso, Italia, metall, nylontråd, 2008, NMK.2009.0147  
Tor Vinje Brustad, Eivind Holseth, Oskar Johansen, Andreas Murray, produsent: Permafrost Design AS, golvtappe *John Deere Grass*, ull, 2004, NMK.2009.0001  
Severin Brørby, vase, glas, for Hadeland Glassverk, 1959, NMK.2009.0209  
Severin Brørby, vase, glas, for Hadeland Glassverk, 1959, NMK.2009.0210  
Lillian Dahle, objekt *Oppkommet i sandynene*, tre, 2008, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0032  
Christopher Dresser, ause, sølvplett, ibenholt, for Hukin & Heath, England, 1880, NMK.2009.0212  
Egersunds Fayansefabrikk, tallerken, flintgods, 1930-åra, gavé frå Harald Selte, Oslo, NMK.2009.0054  
Egersunds Fayansefabrikk, mugge, flintgods, 1930-åra, gavé frå Harald Selte, Oslo, NMK.2009.0055  
Egersunds Fayansefabrikk, fat, flintgods, 1930-åra, gavé frå Harald Selte, Oslo, NMK.2009.0056  
Gudmund Elvestad, vase, sølv, for J. Tostrup, ca. 1962, NMK.2009.0115  
Gudmund Elvestad, taklampe, eloksert aluminium, for J. Tostrup, ca. 1965, NMK.2009.0215  
Andreas Engesvik, 2 lamper og 1 vase, *Comfort living*, aluminium, porselen, 1998, NMK.2009.0119-NMK.2009.0121  
Bjørn Engø, høg armstol, for Gustav Bahus A/S, eik, messing og ull, 1948, NMK.2009.0087  
Bjørn Engø, høg armstol *Engølinjen*, for Gustav Bahus A/S, teak, bøk og skai, 1950, NMK.2009.0088  
Bjørn Engø, høg armstol, for Gustav Bahus A/S, eik og skinn, 1947, NMK.2009.0089  
Bjørn Engø, taklampe med to kuplar, for Arnold Wiigs Fabrikker A/S, messing, glas og stål, ca. 1950, NMK.2009.0090

Bjørn Engø, tøylengd *Polynesia*, for Sandvika Veveri A/S, tekstil, ca. 1953, NMK.2009.0091  
Bjørn Engø, bordlampe (lampefot og skjerm), for Emalox A/S, emalje/aluminium, ca. 1955, NMK.2009.0092  
Bjørn Engø, fruktkorg, rotting og metall, ca. 1952, NMK.2009.0093  
Bjørn Engø, cocktailbrett, for S. Larsen & Sønn, kopar og glas, 1957, NMK.2009.0094  
Gunnar Fon, *Recycled Dreams*, kjole, tekstil, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0146  
Christine Gaudernack, halskjede *Queen Sophie Magdalenes Emerald Necklace*, sølv, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0226  
Gustav Gaudernack, parafinlampe (stål-lampe), messing, for Høvik Verk, ca. 1900, NMK.2009.0214  
Tuva Gonsholt, to objekt *Waltzing Matilda*, glas, 2008, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0033  
Frida Hansen, biletteppe *Jeftas datter*, 1913, NMK.2009.0192  
Pierre Hardy, damesko, for Balenciaga, Paris, 2008, NMK.2009.0035  
Elisa Helland-Hansen, fat *Mylder*, porselen, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0082  
Edvin Helseth, armstol *Trybo*, for Stange Bruk, furu, 1965, gavé frå Edvin Helseth, Hamar, NMK.2009.0005  
Bjørn Ianke og Hans Sundt Monrad for Grini Mølle, sofa, tre, polstra ullatrekk, 1956-57, gavé frå Kari Ditlev-Simonsen, Oslo, NMK.2009.0162  
Bjørn Ianke og Hans Sundt Monrad for Grini Mølle, kvilestol, tre, polstra ullatrekk, 1956-57, gavé frå Kari Ditlev-Simonsen, Oslo, NMK.2009.0163  
Kjersti Johannessen, objekt *På innsiden*, blåst glas, 2008, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0069  
Willy Johansson, vase, glas, for Hadeland Glassverk, 1954, NMK.2009.0208  
Arne Jon Jutrem, vase, for Hadeland Glassverk, glas, ca. 1960, NMK.2009.0097  
Arne Jon Jutrem, bolle, for Hadeland Glassverk, glas, 1959, NMK.2009.0098  
Christer Jönsson, brosjø *Dance Macabre*, sølv, oksidert og forgylt, vindusemalje, perler, kvarts, obsidian, 1995, NMK.2009.0188  
Lars Kinsarvik, armstol *Kongestol*, måla tre, ca. 1900, NMK.2009.0193  
Grete Prytz Kittelsen, konfektskål med underskål og skei, for J. Tostup, sølv og emalje, 1946-47, NMK.2009.0075  
Grete Prytz Kittelsen, armring, for J. Tostup, forgylt sølv og emalje, 1946, NMK.2009.0085  
Grete Prytz Kittelsen, *Sensasjonskasseren Cathrine*, for Cathrineholm A/S, emalje, jern, rustfritt stål, 1962-65, NMK.2009.0096  
Grete Prytz Kittelsen, prototype til rund bolle, for Cathrineholm A/S, kopar og emalje, ca. 1955, gavé frå Thomas Flor, Oslo, NMK.2009.0136  
Grete Prytz Kittelsen, prototype til firkanta bolle, for Cathrineholm A/S, ca. 1955, kopar og emalje, gavé frå Thomas Flor, Oslo, NMK.2009.0137  
William Knutzen, fem vasar, leirgods, 1946-70, gavé frå Bjørn Buin, Drammen, NMK.2009.0138-NMK.2009.0142  
William Knutzen, to fat, leirgods, 1946-70, gavé frå Bjørn Buin, Drammen, NMK.2009.0143-NMK.2009.0144  
Vidar Koksvik, vase, glas, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0228  
Elisabeth von Krogh, 18 veggobjekt *Optica*, keramikk, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0197  
Magne Kvilstad, vase, steingods, 1958, NMK.2009.0203  
Magne Kvilstad, golvvase, steingods, 1967, NMK.2009.0204  
Magne Kvilstad, vase, steingods, 1969, NMK.2009.0205  
Magne Kvilstad, vase, steingods, 1974, NMK.2009.0206  
Magne Kvilstad, bolle, steingods, 1974, NMK.2009.0207  
Helmut Lang, kvinneantrekk, vår-/sommar-kolleksjonen 2003, tekstil/syntetisk materiale, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0134  
Helmut Lang, mannsantrekk, vår-/sommar-kolleksjonen 2003, tekstil/syntetisk materiale, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0135  
Helmut Lang, eit par damesko *Toe Ring Sling Back Stiletto*, vår/sommar 2003, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0151  
Helmut Lang, eit par damesko *Espantrie Plateau Sandal*, vår/sommar 2005, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0152  
Helmut Lang, eit par herresko, *Plain Mesh Derby*, vår/sommar 2003, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0153  
Helmut Lang, eit par herresko, *2 Eylet Beak Toe Metal Tip/Heel Derby*, haust/vinter 2004-2005, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0154  
Helmut Lang, armband *Ring Tab Cuff*, gummi, vår/sommar 2003, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0155  
Helmut Lang, armband *Hand Cuff*, metall, vår/sommar 2004, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0156  
Helmut Lang, veske *Oval Box Bag*, lær, haust/vinter 2001-2002, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0157

Helmut Lang, veske *Ring Tab Hand Bag*, lin, skinn, metall, vår/sommar 2003, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0158

Helmut Lang, veske *Parachute Shoulder Bag*, bomull, skinn, metall, vår/sommar 2005, gavé frå HL-art/Helmut Lang Studio, New York, NMK.2009.0159

Edith Lundebrekke, relief *Interference I*, måla tre, 2008, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0034

Anne Gry Løland, dekorativ tekstil *Drapert rød*, 2008, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0110

Fredrik Mattsson, skap *Fjäll*, måla tre, 2006, NMK.2009.0079

Moods of Norway, dress, til mann, frå haust-/vinterkolleksjonen 2008, NMK.2009.0013

Leif Heiberg Myrdam, vase *Sommerfugltreet*, keramikk, 1995–2000, NMK.2009.0124

Norway Says, entrémøbel unikat *Blackmirror*, rustfritt stål, furu, ter akryl, 2009, NMK.2009.0118

Norway Says, prototype til radio DAB 1, for Arsono AS, plast, 2005, NMK.2009.0122

Norway Says, bord *Furu*, furu, 2009, NMK.2009.0123

Norway Says, forstudier til prototypar, mobiltelefon *Nokia*, plast, 2006, NMK.2009.0128

Norway Says, prototypar til mobiltelefon *Nokia*, aluminium, perspekts, 2006, NMK.2009.0129–NMK.2009.0131

Norway Says, vegglampe *Midnatt*, for Ikea, metall og tre, 2007, gavé frå produsenten, NMK.2009.0132

Norway Says, prototype til peparekvern *Brancusi*, tre, 2007, gavé frå produsenten, NMK.2009.0133

Tove Lise Røkke Olsen, krukke *Beautybag*, steingods, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0198

Verner Panton/Unika Væv og Louis Poulsen/Plus-Linje, portiere *Appelsinen*, ull, 1960, NMK.2009.0016

Verner Panton/Unika Væv og Louis Poulsen/Plus-Linje, lampe *Topan*, 1960, NMK.2009.0017

Verner Panton/Unika Væv og Louis Poulsen/Plus-Linje, bord *Cone*, 1960, NMK.2009.0018

Verner Panton/Unika Væv og Louis Poulsen/Plus-Linje, stol *Cone*, 1960, NMK.2009.0019

Verner Panton/Unika Væv og Louis Poulsen/Plus-Linje, stol *Cone*, 1960, NMK.2009.0020

Frithjof Stoud Platou og Hans Sundt Monrad for Grini Mølle, soveromsstol, måla tre, ulttrekk, 1956–57, gavé frå Kari Ditlev-Simonsen, Oslo, NMK.2009.0164

Karina Nøkleby Presttun, dekorativ tekstil *Blomst og Blekenberg*, tekstilcollage, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0199

Ole Morten Rokvam, objekt 8024, steingods, stål og tre, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0145

Stine Rommetveit, 3 vasar, porselen, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0125–NMK.2009.0127

Daniel Rybakken, bord med lys *Subconscious effect of daylight*, tre, lysarmatur, 2008, NMK.2009.0213

Andreas Schneider, servise *Blåveis* (terrín, fire koppar med skål og asjett, fløyte- og sukkesett), porselen, for Egersunds Fayancefabrik, 1912–1935, NMK.2009.0190

Steinunn Sigurdardottir, antrekk: drakt (skjørt og jakke), tekstil, vårkolleksjonen 2009, NMK.2009.0078

Gine Sommerfelt, halssmykke og øyreanheng, for J. Tostrup, sølv og emalje, ca. 1970, NMK.2009.0095

Ilkka Suppanen, bord *Stone*, lakkert metall, 2008, NMK.2009.0175

Ilkka Suppanen, spegel *Stone*, spegelplate, 2008, NMK.2009.0176

Ilkka Suppanen, tre brosjer *Stones*, polert stål, årstal, gavé frå Pascale Cottard, Stockholm, NMK.2009.0177

Maths Theselius, taklampe *Piccolo*, glas, forgylt messing, 2008, NMK.2009.0002

Geir Tokle, objekt (boks med fire bein), keramikk, 2009, gavé frå Innkjøpsfondet for kunsthåndverk, NMK.2009.0227

Ukjent designar, produsent: Storno, Danmark, mobiltelefon *Storno portabel*, plast, metall, ca. 1990, gavé frå Arnt Snee, Oslo, NMK.2009.0186

Ukjent designar, produsent: Philips, hårfonar *Philips HP4301*, vinylplast, metall, 1965, gavé frå Inge Solheim, Oslo, NMK.2009.0187

Ukjent kunstnar (truleg skandinavisk), tre champagneglas, ca. 1840, 1860 og 1900, gavé frå Mette Bjørum, Oslo, NMK.2009.0023–NMK.2009.0025

Ukjent kunstnar, seks drikkeglas, Böhmen, krystall, ca. 1910, gavé frå Mette Bjørum, Oslo, NMK.2009.0057–NMK.2009.0062

Ukjent kunstnar, seks drikkeglas, (truleg frå Baccarat, Frankrike), krystall, ca. 1890–1910, gavé frå Mette Bjørum, Oslo, NMK.2009.0063–NMK.2009.0068

Ukjent kunstnar, relikviesskrin *Oiphant*, elfenben, lær, 1200–1230, NMK.2009.0148

Ukjent kunstnar, bordteppe, tekstil, 1680, gavé frå oberstløytnant Størens arvingar, NMK.2009.0225

Gino Valle, digitalt bordur *Cifra 3*, for Solari, plast og polymethacrylate, 1965, NMK.2009.0113

Hanna Visund, mokkakanne, for J. Tostrup, sølv, bakelitt og tre, ca. 1941, NMK.2009.0114

#### Arkitektur:

Arnstein Arneberg, arkitektteikningar, første halvdel av 1900-talet, gavé frå Eva Arneberg Mohr, Oslo, NMK.2009.0182

Svein-Erik Engebretsen og Jon Eikvar, utklippssbøker og fotografi, 1960-talet, gavé frå arkitektkontoret Eikvar og Engebretsen, Oslo, NMK.2009.0084

Helge Hjertholm, konkurranseutkast og modellar, ca. 1960–1995, gavé frå arkitekt Helge Hjertholm, Bergen, NMK.2009.0083

Knut Knutsen, *Enebolig for Ege*, to skisseutkast, 1961, gavé frå Kari Ege Holtan, Oslo, NMK.2009.0181

Bjørn A. Larsen, privatarkiv etter interiørarkitekt, 1952–95, gavé frå Bjørn A. Larsen, Oslo, NMK.2009.0211

Ulf Lyngar, Elisabeth Tostrup og Halvor Poulsen, konkurranseutkast og teikningssett til *Stavanger Håndverks- og Industriforenings bygg*, 1975, gavé frå Liv Ellingsson og Sven Poulsøn, Oslo, NMK.2009.0161


Jacob Wilhelm Nordan og Victor Nordan, arkitektteikningar, 1800-talet, gavé frå Jacob Wilhelm Nordan, Oslo, NMK.2009.0053

OMA og Spacegroup, 70307, utkast til konkurranse om Vestbanen, 2002, gavé frå Statsbygg, NMK.2009.0109

Magnus Poulsøn, arkitektteikningar, 1906–1950, gavé frå Liv Ellingsson og Sven Poulsøn, Oslo, NMK.2009.0160



Vanessa Baird, "Seven Steps to Heaven"  
(3). *Essaias Tour*, 1992, måleri.



Innkjøpskomiteen kjøpte inn Vanessa Baird sine måleri "Seven Steps to Heaven" i 2009. Serien på fem verk kan bli tolka som allegoriar på krig, religion og seksualitet, der samansetjinga av religiøse og moderne symbol blir brukt som verkemiddel for å synleggjere vår tids villfaring.

## 6.4 UTLÅN

Utlån er viktig for å presentere norsk kunst og å markere Nasjonalmuseet som institusjon i Noreg og i utlandet. Utlån blir innvilga ut frå vurderinger med om-syn til trygging, konserveringstilstand m.m.

I 2009 behandla Nasjonalmuseet 104 lånesøknader. Det vart lånt ut 255 verk; 86 verk til 26 utstillingar i Noreg og 111 verk til 17 utstillingar i utlandet. Det er deponert seks verk i offentlege institusjoner.

Museet har lånt ut kunstverk til viktige utstillingar i inn- og utland, til dømes ”Peder Balke – Modernismens norske pionér”, Ordrupgaard. Det har vore viktige markeringar med presentasjon av Caspar David Friedrich sin kunst, gjennom utstillingar i Nationalmuseum, Stockholm og i Fundacion Juan March, Madrid. Utstillinga ”Carl Gustav Carus. Natur und Idee”, med mange måleri og teikningar frå samlinga vår, har vore vist i Dresden og i Berlin. ”Matias Faldbakken”-utstillinga vart vist i Ikon Gallery, Birmingham.

Museet har også delteke i utstillinga ”Knut Steen” ved Haugar Vestfold Kunstmuseum med skulpturar. Bergen Kunstmuseum presenterte utstillinga ”Ludvig Eikaas – retrospektiv”, der museet bidrog med fleire verk. Galleri F15, Punkt Ø og Bomuldsfabriken Kunsthall samarbeidde om utstillinga ”Bendik Riis Band”, der ei rekke verk frå Nasjonalmuseet si samling vart lånt ut. Vandreutstillinga ”Christian Skredsvig; virkelighet og forteljing” skal bli vist i Lillehammer, Kristiansand og Drammen med ei rekke måleri frå museet. Til utstillinga ”Schwitters i Norge” i Henie-Onstad Kunstcenter har museet lånt ut to verk.

Etterspørselet etter verk av Edvard Munch er stadig aukande. Museet har mellom anna lånt ut verk til utstillinga ”Edvard Munch and European Modernism”, The Art Institute of Chicago og til utstillinga ”Edvard Munch og Danmark”, Ordrupgaard, som deretter skal bli vist i Munch-museet.

## UTLÅN 2009

### **Thielska Galleriet, Stockholm (06.01.–15.05.2009):**

Edvard Munch, *Vinter ved fjorden*, 1915, måleri, NG.M.01864  
Edvard Munch, *Selvportrett*, 1905, måleri, NG.M.01229

### **“Håkon Bleken. Kulltegninger”, Henie Onstad Kunstcenter, Høvikodden (08.01.–19.04.2009), Haugesund Billedgalleri, Haugesund (10.05.–30.08.2009):**

Håkon Bleken, *Bordet*, 1966, teikning, NG.K&H.1967.0125  
Håkon Bleken, *Forlatt by*, (1969)–1970, teikning, NG.K&H.1995.0638  
Håkon Bleken, *Eridring*, 1967, teikning, NG.K&H.1968.0302  
Håkon Bleken, *Hemmeligheten*, 1969, teikning, MS-00641-1988  
Håkon Bleken, *Oppbrudd*, 1970, teikning, NG.K&H.1995.0635  
Håkon Bleken, *Vindu mot stormen*, 1970, teikning, NG.K&H.1970.0025  
Håkon Bleken, *Svalene*, 1967, teikning, MS-00718-1988  
Håkon Bleken, *Søvnen*, 1971, teikning, NG.K&H.1972.0008  
Håkon Bleken, *Fallet*, 1971, teikning, NG.K&H.1995.0636  
Håkon Bleken, *Situasjonen I*, 1971, teikning, NG.K&H.1972.0007  
Håkon Bleken, *Ikaros*, 1971, teikning, NG.K&H.B.08292  
Håkon Bleken, *Nils modellerer meg*, 2004, teikning, NMK.2005.0007  
Håkon Bleken, *Stormen*, ant. (1973), teikning, NG.K&H.1991.0060

### **“Erling Enger”, Galleri Kaare Berntsen, Oslo (24.01.–21.02.2009):**

Erling Enger, *Høyloftet*, 1935, måleri, NMK.2008.0607

### **“Edvard Munch and European Modernism”, The Art Institute of Chicago, Chicago (15.02.–26.04.2009):**

Edvard Munch, *Rue Lafayette*, 1891, måleri, NG.M.01725  
Edvard Munch, *Kyss*, 1892, måleri, NG.M.02812  
Edvard Munch, *Aske*, ant. (1894), måleri, NG.M.00809  
Edvard Munch, *Pubertet*, ant. (1894–1895), måleri, NG.M.00807  
Edvard Munch, *Måneskinn*, 1895, måleri, NG.M.02815  
Edvard Munch, *Badende gutter*, ant. (1895), måleri, NG.M.01866  
Edvard Munch, *Selvportrett med sigarett*, 1895, måleri, NG.M.00470  
